



ALVER KOMMUNE  
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siren Rørgård Skjerven, 5764 3184

## Referat frå møte om sosiale tenester i Nav Alver 25. august 2020

Kommune	Tilgjenge	Dei fem tenestene	Kompetanse	Brukarmedverknad	Barneperspektiv	Samarbeid med andre	Tilsyn	Styring og ansvar	Økonomi	Leiging av Nav-kontoret
Alver	Grøn	Grøn	Grøn	Gul	Gul	Gul	Hvit	Gul	Grøn	Grøn

Om fargekodane og deira tyding:

Grøn: Lav risiko. Gul: Middels risiko. Raud: Høg risiko.

### Konklusjonar

#### Tilgjenge

- Har gjort kartleggingar av behov. Har samarbeidsavtale om tre lokasjonar. Har vakttelefon, og tett samarbeid med innbyggjarservice. Digisos har bidratt positivt til tilgjenge. Samarbeid om klarspråk i Nordhordaland. Det er politisk interesse og sosialt engasjement i kommunen.

#### Dei fem individuelle tenestene

- Har merksemd på rettleiing. Kommunen held barnetrygd utanom inntektsberekninga ved økonomisk stønad. Kommunen er kjent med at det er relativt få KVP deltakarar i kommunen, og arbeider med saka. Fylkesmannen informerte om at Nav Alver er det Nav-kontor i fylke som brukar lengst tid på å få sendt klagesakene til Fylkesmannen.

#### Kompetanse

- Det er 70 tilsette i Nav-kontoret, fordelt på tre avdelingar. Nav vurderer å ha god kompetanse i kontoret, inklusiv sosialfagleg kompetanse.



#### Brukarmedverknad

- Vurderer å ha potensiale for å bli enno betre.

#### Barneperspektivet

- Nav vurderer å ha potensiale for å sikre barneperspektivet i saksbehandlinga.

#### Samarbeid med andre

- Alver er ny kommune, og koronasituasjonen gjer at dei vurderer seg gul. Informerer om etablerte, gode samarbeidsforum i Nordhordaland.

#### Tilsyn

- Har ikkje hatt tilsyn eller tilsynssaker etter at dei blei ny kommune.

#### Styring og ansvar

- Koronasituasjonen har gjort at ein ikkje er kome i gang med orientering til politikarane. Kommunen vurderer at det er låg risiko knytt til administrasjonen.

#### Økonomi

- Har overført midlar frå økonomisk stønad til kvalifiseringsprogram. Økonomien avgrensar ikkje tenestetilbodet.

#### Leiing av Nav-kontoret

- Kommunen vurderer at det ikkje er særskilt risiko knytt til leiinga av Nav-kontoret.

#### Møtedeltakarar:

Frå Alver kommune

Sara Hamre Sekkingstad, ordførar

Ståle Juvik Hauge, leiar for utval helse og omsorg

Ørjan Raknes Forthun, rådmann. Deltok i deler av møte

Leni Dale, Kommunalsjef helse og omsorg

Jane Britt Daae, Nav-leiar og regionleiar for Nav Hordhordaland

Susanne Gjelsvik, avdelingsleiar service og velferd Nav

Arngunna Haga, avdelingsleiar ungdom og integrering Nav

Inger Lise Brekke, avdelingsleiar arbeidsliv Nav

Frå Fylkesmannen i Vestland

Helga Arianson, fylkeslege

Øystein Breirem Jacobsen, seksjonsleiar

Siren Rørgård Skjerven, seniorrådgjevar

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonssjef

Siren Rørgård Skjerven  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi: NAV Alver v/ Nav-leiar Jane Britt Daae